



Årsmelding
for
Osterøy Idrottslag
2022

Hovudstyret 2022

Funksjon	Namn	År
Leiar	Ragnhild Balsvik	2022
Nestleiar	Jarle Vik	2022-2023
Sekretær	Mats-Eirik Elvik	2021-2022
Controllar	Guro Kjelvik Vevle	2021-2022
Styremedlem	Thomas Mosevoll	2022-2023
Varamedlem	Elin Kleppe	2022
Varamedlem	Fredrik Evensen	2022

Styremøter

Det er halde 9 styremøte der ca 80 sakspunkter er handsama. I tillegg har ein hatt 2 møter med kontrollutvalet.

Styret sitt arbeid

Styret har i perioden sidan årsmøtet 2022 og fram til årsmøtet i 2023 blant anna arbeidd med følgjande saker:

- Temakveld «Pubertet og trening» (27.april 2022) med Hilde Stokkvold og Tonje Vråle
- Oppfølging med leverandør knytt til arbeid med nye internettsider for OIL, vi reknar med at dei nye nettsidene går på lufta kort tid etter årsmøtet i mars 2023.
- Styret sendte innspel til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Ny rutine for politiattestar er vedteke for å ta omsyn til at OIL har inngått avtale med eit firma (Right Person) som har ei dataløysing som gjer arbeidet med innhenting av politiattestar mykje enklare. Politiattestansvarleg har hatt møte med gruppestyra for å gje informasjon og opplæring i løysinga.
- Gjennomført fellesmøte med gruppene (8.desember 2022)
- Styret har jobba med rutiner og regler for bruk, tilgang og sikkerhet ved Osterøy IL sine anlegg.
- Informasjon om Idrettsforbundet sin obligatoriske trenarattest er sendt til trenarar.
- Oppussing av klubbhuset påbegynt i 2021, vart fullført i løpet av 2022.
- Det er inngått nye faste leigeavtaler for klubbhuset: Lonevåg Helselag og Pensjonistforbundet.

Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som god, trass låneforpliktingar (Fugledalen og ATV for skigruppa). Omsetnaden i 2022 var noko høgare enn i 2021 og aktiviteten gjekk stort sett som normalt gjennom året. Det er eit etter måten stort overskot i 2022, men den aller viktigaste grunnen for det er inntekter frå spelemidlar og kommunalt tilskot til rehabiliteringa av friidrettsdekket på Osterøy stadion. .

Det er gjennomgåande god økonomistyring og likviditet for gruppene ved utgangen av 2022. Sjå rekneskapen for 2022 i eige dokument.

Medlemstal

Registrerte medlemsskap 2022(eit medlem kan inngå i fleire grupper):

Org navn	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Total	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Total	Total org
Osterøy Idrottslag	Kvinner	16	163	127	13	54	373	Menn	3	109	98	42	129	381	754
Osterøy IL - Langrenn	Kvinner	0	6	10	0	10	26	Menn	0	4	9	4	33	50	76
Osterøy IL - Fotball	Kvinner	0	51	62	3	14	130	Menn	0	76	75	32	47	230	360
Osterøy IL - Friidrett	Kvinner	0	0	12	4	20	36	Menn	0	1	16	8	58	83	119
Osterøy IL - Orientering	Kvinner	0	0	1	0	2	3	Menn	0	0	2	1	3	6	9
Osterøy IL - Håndball	Kvinner	0	20	49	8	13	90	Menn	0	13	7	0	3	23	113
Osterøy IL - Gymnastikk og Bredde	Kvinner	16	108	11	0	3	138	Menn	3	18	0	1	1	23	161
Osterøy IL - Basketball	Kvinner	0	0	0	0	0	0	Menn	0	10	0	0	2	12	12

Betalende medlemmar 2022:

Org navn	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Total	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Total	Total org
Osterøy Idrottslag	Kvinner	14	134	65	10	47	270	Menn	3	87	67	30	119	306	576
Osterøy IL - Langrenn	Kvinner	0	6	8	0	10	24	Menn	0	3	9	2	32	46	70
Osterøy IL - Fotball	Kvinner	0	46	39	2	11	98	Menn	0	62	50	24	43	179	277
Osterøy IL - Friidrett	Kvinner	0	0	6	3	20	29	Menn	0	1	14	6	56	77	106
Osterøy IL - Orientering	Kvinner	0	0	0	0	2	2	Menn	0	0	2	1	2	5	7
Osterøy IL - Håndball	Kvinner	0	16	18	7	11	52	Menn	0	9	2	0	2	13	65
Osterøy IL - Gymnastikk og Bredde	Kvinner	14	84	5	0	2	105	Menn	3	14	0	0	1	18	123
Osterøy IL - Basketball	Kvinner	0	0	0	0	0	0	Menn	0	10	0	0	2	12	12

Medlemsutvikling

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinne	321	326	291	318	281	311	318	307	270
Menn	359	373	359	339	330	332	333	322	306
Totalt	680	699	650	657	611	643	651	629	576

I 2022 har ein for fullt tatt i bruk medlemssystemet Klubbadmin og det gir oss litt anna statistikk enn det me har hatt før. Til og med 2021 representerte medlemstala alle fakturerte medlemsskap, men ikkje nødvendigvis betalte. I talet 576 ligg det berre dei som faktisk har innbetalt medlemsskapet sitt. Ansvarleg for medlemsregisteret er dagleg leiar, men Randi Kleppe gjer framleis ein svært viktig jobb med mykje av det daglege vedlikehaldet.

Anlegg

Osterøy IL brukar følgjande anlegg til idrettsaktivitet:

- Kunstgrasbane i Fugledalen, eigd og drifta av Osterøy IL
- Osterøyhallen: kommunal idrettshall der OIL leiger hallkapasitet.
- Idrettsanlegget på Hatland med friidrettsbane og grasbane, kommunalt anlegg drifta av Osterøy IL.
- Lysløpe på Rolland: anlegget ligg på privat grunn med bruksavtale mellom grunneigar og OIL. Drift og vedlikehald i regi av skigruppa.

For vedlikehald av grasbana, friidrettsbana og kunstgrasbana gjennomført i 2022, sjå rapport frå banenemnda nedanfor.

I lysløypa har skigruppa reinska opp ein del grøfter, rydda i løypetraseen og kappa busker og kratt.

Æresmedlem

Desse er æresmedlem i OIL pr 20.03.2022:

	Fødd:	Utnemnd:
Karl Johan Reigstad	13.08.1944	2011
Øyvind Litland	21.03.1947	2011
Marta Ingunn Rongved	09.02.1932	2017
Vidar Simmenes	19.04.1948	2018
Jørgen Varden	03.05.1942	2017

Nemndene sine årsrapportar:

Rapport frå banenemnda for 2022

Osterøy stadion friidrett	Osterøy stadion gras	Kunstgrasbane
Vidar Simmenes	Thomas Mosevoll	Eivind Solberg
	Christian Vevle	Svein Lohne
Fleire har mindre oppdrag	Vidar Simmenes	Thomas Mosevoll (støtte)
	Arnbjørn Vevle	Christian Vevle (støtte)

Banenemnda sitt oppdrag er å halda Osterøy stadion og Kunstgrasbana ved Osterøy stadion i så god stand som mogeleg ut frå dei midlar som er stilt til rådvelde.

Grasbana:

I 2022 har vedlikehaldet vore vesentleg endra frå tidlegare år. I samband med LOBAS sitt 75-årsjubileum fekk laget ei pengegåve på kr 250000,- øyremarka til robotklippar på Osterøy stadion. Osterøy IL er svært takksam for dette. Robotklipparen har i det store og heile fungert svært godt forutan eit lengre teknisk "break down" i juli som gjorde at me ikkje fekk brukt bana som ynskjeleg i høgsesongen. Elles kan det sjå ut som kvaliteten på graset har blitt betre og det verkar som det er mindre behov for tilføring av kunstgjødning etter robotklipparen vart teken i bruk. Det er og har vore eit problem i fleire år at bana drenerer dårleg. Her har det vore dialog, møter og jordprøver i samarbeid med Atle Hansen i firmaet Gressspesialisten.

Bana har blitt lufta ein gong om våren samt ein gong før vinterstenging. I tillegg har det blitt, sanddressa ein gong og resådd ein gong. Gjødning har skjedd regelmessig gjennom sesongen.

Vatningsanlegget har stort sett fungert tilfredsstillande, men nokre spredarar fungerer ikkje på automatikk og dette bør ordnast til komande sesong. På slutten av sesongen vart røyra til vatningsanlegget blåst tom for vatn etter lån av kompressor hjå Hansen & Eknes. Idrettsrådet fordelte tilskot stort kr 200 000,- frå Osterøy kommune og dette er eit heilt avgjerande bidrag for å få drifta anlegget. Trykkaukepumpa til vatningsanlegget rauk på våren og denne måtte skiftast til ein uføresett kostnad på over kr 40000,-

Friidrettsdelen

Friidrettsdelen er i gjennomgåande god stand og det blei utført vask våren 2022 av firmaet Banevask AS. Ved nedbør er det noko problem med drenering, særleg på tribunesida. Det har blitt synleg organisk materiale å sjå i dekket utover året og me påreknar vask av dekket på vårparten i 2023.

Kunstgrasbane ved Osterøy stadion

Kunstgrasbana vert regelmessig horva om sommaren og brøyta etter behov om vinteren. Mål og anna utstyr går ein over og reparerer når det trengst. Det er synleg slitasje på bana og særleg har det auka på med fiberflukt dei seinare åra. Fotballgruppa har fått utarbeidd tilstandsrapport og det er sendt spelemiddelsøknad for 2023 med tanke på skifte av kunstgrasdekke.

Tore Johan Langeland
Leiar banenemnd Osterøy stadion

Rapport om Basketballaktivitet

Basketaktiviteten har en ganske stabil gjeng på i underkant av 10 stk 9-10 åringar som trenar jamleg i hallen 1-2 ettermiddagar i veka.

Det er Mantas Buinauskas som har hovudansvaret for treningane og han har stor innsikt og kompetanse i sporten. Laget arrangerte ei Easy-Basket turnering høsten 2022.

Gruppene sine årsmeldingar følgjer som vedlegg

Årsmelding for Fotballgruppa 2022

Årsmelding for Skigruppa 2022

Årsmelding for Friidrettsgruppa 2022

Årsmelding for Handballgruppa 2022

Ikkje vedlagt Årsmelding for Turngruppa 2022

Årsmelding for Osterøy Idrottslag – Fotballgruppa 2022

Styrets medlemmar

Leiar:	Arnbjørn Vevle
Nestleiar/sekretær:	Herman Neu Beckstrøm
Kasserar:	Monica Vevle
Styremedlemmar:	Tine-May Svenheim (kioskansvarleg) Stig Eknes (sportsleg leiar) Håvard Nygard (ansvarleg anlegg) John Erik Jørgensen (ansvarleg sal- og sponsornemnd)

Styret sitt arbeid

Det er halde 9 styremøte, og 25 saker er handsama. Styret har for det meste arbeidd med drifta av fotballgruppa, men det er særleg nokre saker som er verdt å nemne:

Skifte av banedekket i Fugledalen

Kunstgrasbana i Fugledalen har sær stor aktivitet, og har ikkje fått nytt dekke sidan 2014. Det har difor vore eit ynskje i frå styret i fotballgruppa om å få byte dekke i løpet av 2023. Arbeidet har føregått gjennom heile styre-perioden, og Håvard Nygard har gjort ein særdeles viktig jobb i prosessen. I samarbeid med dagleg leiar Tore Langeland, har ein fått sendt inn nødvendig dokumentasjon og motteke finansieringsbevis for å bytte dekke. Den uavklarte situasjonen knytt til miljø-reguleringar, og då særleg gummigranulat, har gjort det utfordrande å bestemme seg for kva type dekke ein vil gå for. Styret vil primært gå for ei miljøvennleg løysing.

Økonomisk ramme for tilsetjing av sportskoordinator/HSA-trenar

Etter at Vidar Fossdal ga beskjed til styret om at han ynskjer å tre ut av stillinga som A-lagstrenar for herrelaget, har ei viktig sak vore å få på plass ein ny trenar. Valet falt naturleg på Vidar Rosnes, som har vore med som assistent på herrelaget den siste sesongen, og i tillegg vore trenar for damelaget. Løysinga vart å tilby Vidar Rosnes ei 20% stilling som sportskoordinator, samt trenar for vårt beste herre- og damelag. Kommande sesong får Vidar eit delt ansvar med Kim Solberg på HSA, medan Karoline Thorsvik frå Arna Bjørnar er med i trenarteamet til DSA.

Andre viktige styresaker

- Få til ein treningsleir for seniorspelarane i klubben. Det er bestilt tur til Barcelona i påsken 2023, for alle seniorspelarane i klubben. Her er både mannlege og kvinnelege spelarar påmeldt, og det vert blant anna treningskamp for begge lag.
- Kvalitetsklubb. Etter kvalitetsklubbssertifiseringa i 2020, har styret drive med eit kontinuerleg arbeid for å oppfylle krava frå NFF. Ein har i løpet av 2022 oppdatert klubbhandboka, og lagt den ut på heimesida til klubben. Her har Roald Martinsen vore ein viktig støttespelar, til tross for at han sjølv har gått ut av styret. Våren 2023 byrjar ein på ein ny runde med resertifisering.

Medlemsutvikling

Per 31.12.22 viser medlemstala 277 betalande medlemmer. Dette er ein nedgang frå 300 medlemmar ved inngongen til året. Ein har fått ei auke blant gutar 6-12 år på 14 medlemmar, medan ein totalt har fått 33 færre medlemmar i alderen 13-19 år. Dei andre aldersgruppene held seg relativt stabile.

Kjønn	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Total
Kvinner	46	39	2	11	98
Menn	62	50	24	43	179
Total	108	89	26	54	277
Total endring	12	-33	2	-4	-23

Negativ medlemsutvikling er ikkje eit fenomen som berre oppstår i klubben si fotballgruppe, men noko som heile fotball-Noreg opplever. For styret er det særst viktig å førebyggje fråfall, og ein kjem difor til å ha eit stort fokus på dette dei neste åra. Fotballgruppa følgjer NFF sin visjon:

Flest mogleg – Lengst mogleg – Best mogleg

Sportsleg utvikling

I sesongen 2022 hadde Osterøy 20 registrerte lag. Tre av laga var i seniorfotballen, seks av laga i ungdomsfotballen og elleve i barnefotballen.

Påmeldte lag 2022

Kjønn	Barn (6-12)	Ungdom (13-19)	Seniorfotball (19+)
Menn	8	3	2
Kvinner	3	3	1
Totalt	11	6	3

Deltaking på cup

Blant dei yngre laga i klubben, var Norway-cup ein stor suksess med 6 påmeldte lag i fem forskjellige årsklassar. Verdt å nemne, er at G19-laget vårt vart historiske, då dei som første lag gjennomførte ein 11-ar kamp med VAR (Video-Assistent-Referee) i Noreg. Dette var ein stor suksess, noko som Bygdanytt har skrivne ein fin [artikkel](#) om. I 2022 deltok òg G2011 på Voss-cup. Til neste sesong er det eit ynskje om at klubben i større grad avgjer kven som skal vere på kva for nokre cupar.

Samarbeid med Arna/Bjørnar

Nytt for året var at damelaget vårt i 5. divisjon starta samarbeid med Arna/Bjørnar. Dette har vore for å gje eit best mogleg tilbod til spelarar i begge klubbar. Ein har stilt som eitt lag i serien, og byta på å spele i gult/grønt og raudt/svart. Laget hamna på ein respektabel 3. plass i 5. divisjon avd. 01. Samarbeidet med Arna/Bjørnar vil fortsetje neste sesong òg.

Det går også godt med utviklinga av framtidige kvinnespelarar i klubben. Osterøy har totalt tre jentespelarar i alderen 13 til 15 år som er på skyggekretilag, og ei som er på kretsaget. Dette lover godt for framtida i klubben.

Herrar senior A og senior B

Herrelaga våre har også oppnådd respektable resultat i 2022. A-laget vårt starta kampsesongen med kvalifiseringsrunde til NM, og kamp mot Gneist. Etter å ha leia kampen 4-1 til pause, viser Osterøy godt at det berre er april månad, då ein «kollaps» fører til 4-5 tap. Laget vil truleg vere i betre form ved inngongen til 2023-sesongen. I seriespelet enda laget på ein god 5. plass, eit resultat ein absolutt kan vere fornøgd med i 4. divisjon.

B-laget vårt deltok i den særdeles lokale 6. divisjon avd. 04. I løpet av sesongen møtte ein naboklubbar som Fotlandsvåg, Hausvik, Valestrand Hjellvik 2, Fri, Vaksdal og Dale. Til tross for få spelarar og mange med høg kampbelastning, enda laget på ein 3. plass. Grunna NHHI 3 sitt lag som vart trekt, og dermed poengtrekk for Hausvik, vart det stor spenning i siste serierunde. Osterøy hadde mogelegheita til å gå forbi Hausvik og dermed «kapre» 2. plassen og opprykket. Slik vart det likevel ikkje, og dermed rykka Fotlandsvåg og Hausvik opp.

Økonomi

Den økonomiske stoda i fotballgruppa er god. Det vart i rekneskapsåret 2022 registrert eit overskot på ca. kr 50 000. Mykje av dette er grunna stødig økonomisk styring, og nøkternt forbruk. Fotballgruppa har god likviditet, med nesten kr 1 500 000 i bankinnskot. Kjekt er det òg å sjå at klubbens utgifter til cupar og leirar har auka betydeleg, noko som syner at aktivitetsnivået er tilbake til normalen etter Covid-19.

For styret,
Herman Neu Beckstrøm
tidl. nestleiar, ny leiar



Årsmelding

for

Skigruppa
Osterøy Idrettslag

2022

Styret 2022

Leiar:	Johnny Mostraum	Valgt for 2022
Nestleiar:	Åge Myking	Valgt for 2021 - 2022
Kasserar:	Bernt Johan Flæsland	Valgt for 2021 - 2022
Skrivar:	Ann Marit Hammer	Valgt for 2022 - 2023
Styremedlem:	Ståle Daltveit	Valgt for 2022 - 2023
Styremedlem:	Grethe Nerdalen Fjellskålsnes	Valgt for 2022 - 2023
Styremedlem:	Kjersti Brattabø	Valgt for 2022 - 2023
Varamedlem:	Anders Flæsland	Valgt for 2022

Valkomite: Elisabeth Ødegård, Lars Braaten Reigstad og Karoline Hestnes

Styrets arbeid

- I vår hadde Skigruppa dugnad på Smøyatun for Fotlandsvåg Helselag. Eit bygg vart påført eit par strøk maling, samt diverse vedlikehaldsarbeid vart utført. Til saman fekk me inn 95.000 kroner. Det var ikkje vanskeleg å få folk til å stilla, så fantastisk bra dugnadsinnsats!
- Skibasaren vart i år arrangert på Ungdomsskulen på Hatland i november. Det var godt sal av loddbooker og det var full sal/aula under basaren. Totalt fekk me inn om lag 117.000 kroner. Super innsats av basardamene og alle loddseljarane.
- I lysløypa har me hatt inne maskiner som har reinska opp ein del grøfter. I oktober var det dugnad i lysløypa, der me ein laurdag rydda løypetraseen, samt kapp busker og kratt. Det vart også rydda i ski-hytta og Åge pussa opp inngangspartiet. Takk til alle som var med her.

Styret vil også retta ein stor takk til alle sponsorane. Dei fleste har bidratt med pengar til drifta vår gjennom ei årrekke! Dette betyr mykje for økonomien og er ein fin forankring til lokale bedrifter.

Me vil også takka for alt frivillig arbeid som vert lagt ned i skigruppa, dette gjeld trenarane, smørjarane, løypekjørarane og alle gode hjelparar blant foreldra, som får det heile til å gå rundt år etter år!

Styremøte

Det er avholdt tre styremøter, der 17 saker er behandla. Møta har funne stad i skihytta på Rolland, med godt oppmøte.

Aktivitet i gruppa

Sondre Brattabø hadde ein fantastisk sesong med fleire pall-plassar og 4. plass totalt i Norges cupen for junior. Saman med dei andre juniorane til Osterøy samla dei meir poeng i Norges cupen for juniorar enn meir kjende og større klubbar.

Treningane har halde på frå mai, med innlagt sommarpause. Det er trent tysdag, onsdag, laurdag og søndag med litt variasjon etter alder. Onsdag er det styrketrening, laurdag rulleski, ellers litt veksling mellom rulleski og springing. Vintertid går me på ski så sant det er skiføre i lysløypa eller nærområdet.

Den årlege juniorsamlinga vart dette året arrangert med eit par deltakarar utanfor klubben. Grunna liten deltaking frå andre klubbar hadde me ikkje overnatting og matsservering som tidlegare år, men treninga for våre eigne juniorar og yngre løparar var svært bra. Fredag kveld var det rulleski økt og laurdag testrenn, med spenst og styrke i andre økta. Søndag var me på kombinert langtur med rulleski og springing fra Valestrand. Flott opplegg av engasjerte trenarar.

Thunestvedtrennet på rulleski vart arrangert i begynnelsen av september i Haus. Litt færre deltakarar enn året før (ca 30 stykk). Hadde vore kjekt med fleire på startstreken. Arbeidet med arrangementet gjekk svært bra. Ikkje vanskeleg å få folk med til rigging, som løypevakter og kiosk vertar, så fantastisk bra dugnadsinnsats også her.

Geilosamling stod på programmet i desember og her stilte ein fin gjeng unge og foreldre. Det vart fem gode treningsøkter på ski og ei kjekk samling. Laurdag hadde me hadde ei kjekk sosial samling på Peppes Pizza med god mat og underhaldning.

Ikkje like bra vinter som i fjor, men fire renn i Telenor Karusellen vart arrangert. Omlag 40 stykk deltok på eit eller fleire av renna. Alle fekk premie kvar gang og det virka som det var god motivasjon for løparane. Stor takk til Kjersti som har ordna dette.

Osterøy har dette året hatt fire juniorar på NTG Geilo og ein på Toppidrett på Voss.

Trenarane har i år vore Lars Braaten Reigstad, Eirik Brakvatne Mjelde, Lars Olav Brattabø og Johnny Mostraum. Flinke og trufaste karar som også er flinke til å vera med ungdommane på skirenn! Me takkar så mykje for innsatsen!

Smørjeteamet har i år vore Bernt Johan Flæsland og Åge Myking. Me vil retta ein stor takk til dei også for dette året!

Løypekjørarane Anders og Øystein gjer ein fantastisk jobb med å halda maskinparken ved like og køyrer flotte løyper når det er snø.

Osterøy har dei siste åra markert seg godt på alle skirenn, i år også utanfor Hordaland. Me vert lagt merke til på grunn av dei grøne huene, men også for svært gode resultat. Dette er kjekt for alle i skigruppa, og eg vil berømma det

gode miljøet og samholdet me har. Sjølvsagt har me plass til mange fleire i skigruppa, og rekruttering er ei stor utfordring for oss framover.

Resultat

Hovedlandsrennet Holmenkollen:

Åsen 28. - 30. januar		
5 km fristil		
J 15 år	Magrethe Fjellskålnes	91. plass
	Heidi Daltveit	141. plass
Sprint klassisk		
J 15 år	Magrethe Fjellskålnes	89. plass
	Heidi Daltveit	136. plass

Norges cup Junior:

Åsen 28. - 30. januar		
Sprint fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	14. plass
K 18 år	Marie Mostrau	57. plass
M 18 år	Sondre Myking	17. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	51. plass
5/10 km fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	3. plass
K 18 år	Marie Mostrau	60. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	34. plass
10/15 km klassisk		
M 17 år	Sondre Brattabø	12. plass
K 18 år	Marie Mostrau	38. plass
M 18 år	Sondre Myking	73. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	37. plass
NM Nes 11. - 13. februar		
10/15 km fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	6. plass
K 18 år	Marie Mostrau	61. plass
M 18 år	Sondre Myking	47. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	30. plass
5/10 km klassisk		
M 17 år	Sondre Brattabø	7. plass
K 18 år	Marie Mostrau	53. plass
M 18 år	Sondre Myking	61. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	33. plass
Meråker/Steinkjer 11. - 13. mars		
Sprint klassisk		

M 17 år	Sondre Brattabø	14. plass
K 18 år	Marie Mostråum	44. plass
M 18 år	Sondre Myking	55. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	75. plass
5/7,5/10 km klassisk		
M 17 år	Sondre Brattabø	10. plass
K 18 år	Marie Mostråum	50. plass
M 18 år	Sondre Myking	62. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	32. plass
7,5/10 km fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	5. plass
K 18 år	Marie Mostråum	57. plass
M 18 år	Sondre Myking	27. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	28. plass
NM Lygna 6. - 9. februar		
5/10 km fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	2. plass
K 18 år	Marie Mostråum	48. plass
M 18 år	Sondre Myking	46. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	40. plass
15 km klassisk finale		
M 17 år	Sondre Brattabø	4. plass
K 18 år	Marie Mostråum	53. plass
M 18 år	Sondre Myking	61. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	30. plass
NC samanlagt		
M 17 år	Sondre Brattabø	4. plass
K 18 år	Marie Mostråum	69. plass
M 18 år	Sondre Myking	59. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	41. plass

Norges cup Senior:

Gåå 26. - 28. november		
Sprint fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	82. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	66. plass
15/10 km fristil		
M 17 år	Sondre Brattabø	2. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	36. plass
Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	130. plass
10/15 km klassisk		
Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	125. plass
Scandinavian cup Beitostølen		

10. - 12. desember		
15 km klassisk		
Senior	Elias Mostraum	132. plass
Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	144. plass
Sprint Klassisk		
Senior	Elias Mostraum	104. plass
15 km fristil		
Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	158. plass
Gjøvik 28. - 30. januar		
15 km klassisk		
Senior	Elias Mostraum	130. plass
Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	140. plass
22,5 km fristil		
Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	118. plass
Sprint fristil		
Senior	Elias Mostraum	103. plass
Steinkjer 11. - 13. mars		
Sprint klassisk		
Senior	Elias Mostraum	67. plass (U23 43. plass)
15 km klassisk		
Senior	Elias Mostraum	134. plass (U23 92. plass)
15 km fristil		
Senior	Elias Mostraum	136. plass (U23 95. plass)
NM Harstad 26. - 29. mars		
15 km klassisk		
Senior	Elias Mostraum	90. plass
Sprint klassisk		
Senior	Elias Mostraum	56. plass

KM fristil:

G 14 år	Jonas Myking	2. plass
	Eirik Brattabø	4. plass
J 15 år	Magrethe Fjellskålnes	4. plass
	Heidi Daltveit	12. plass
M 17 år	Sondre Brattabø	1. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	1. plass
Menn Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	4. plass

KM klassisk:

G 14 år	Jonas Myking	2. plass
	Eirik Brattabø	3. plass

J 15 år	Magrethe Fjellskålnes	7. plass
	Heidi Daltveit	10. plass
M 17 år	Sondre Brattabø	1. plass
K 18 år	Marie Mostråum	4. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	1. plass

Kretscupen:

J 14 år	Emma Fjellskålnes	9. plass
G 14 år	Eirik Brattabø	2. plass
	Jonas Myking	3. plass
J 15 år	Magrethe Fjellskålnes	3. plass
	Heidi Daltveit	11. plass
M 17 år	Sondre Brattabø	4. plass
M 18 år	Sondre Myking	5. plass
K 18 år	Marie Mostråum	4. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	4. plass

Blinkfestivalen:

Lysebotn Opp Skøyting		
J 12 år	Kristin Brattabø	7. plass
G 15 år	Eirik Brattabø	11. plass
J 16 år	Magrethe Fjellskålnes	7. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	7. plass
M 18 år	Sondre Brattabø	2. plass
Senior menn	Elias Mostråum	84. plass
Klassisk		
G 15 år	Eirik Brattabø	17. plass
J 16 år	Magrethe Fjellskålnes	7. plass
K 19/20 år	Ingrid Brattabø	3. plass
M 18 år	Sondre Brattabø	4. plass
Sprint		
J 12 år (finale)	Kristin Brattabø	7. plass
G 15 år (kvartfinale)	Eirik Brattabø	8. plass
J 16 år (semifinale)	Magrethe Fjellskålnes	7. plass
K 19/20 år (semifinale)	Ingrid Brattabø	5. plass
M 18 år (prolog)	Sondre Brattabø	19. plass
Fellesstart prolog		
Senior menn	Elias Mostråum	39. plass

Medlemstal

Medlemstal for 2022. Totalt 76 registrerte medlemmar, noko som er tilnærma det same som 2021.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	6	10	0	10	26
Menn	0	4	9	4	33	50

Totalt	0	10	19	4	43	76
--------	---	----	----	---	----	----

Medlemsutvikling

	2019	2020	2022	2023	20xx
Kvinner		25	25	26	
Menn		48	49	50	
Totalt	79	73	74	76	

Resultatrekneskap med balanse

Kjem som vedlegg.



Leiar: Johnny Mostraum

Dato: 20/2 2023

Årsmelding for 2022, OIL friidrettsgruppa

Styret i 2022

Leiar:	Sigbjørn Reigstad (2022)
Nestleiar:	Bjarte Vik (2022-2023)
Skrivar:	Herdis Helle (2021-2022)
Kasserar:	Ingri Mjelde Birkeland (2022-2023)
Styremedlem:	Tore Hannisdal (2022-2023)
Styremedlem:	Marianne Feidje Mjelde (2021-2022)
Styremedlem:	Anne Lise Mastervik (2022-2023)
Styremedlem:	Ole Johannes Mjøs (2021-2022)

Styret har ikkje hatt varamedlemer.

Valnemnd: Bjarte Lohne (leiar), Helga Reigstad, og Mats Eirik Elvik.

Arbeidet til styret og andre engasjerte

Styret har i 2022 hatt kun to styremøte og handsama 12 saker. Elles har styret tatt opp saker pr epost når raske avklaringar har vore naudsynte, og styremedlemmane er flinke til å svara ut fortløpande. I ein hektisk kvardag har styret funne denne arbeidsmetoden akseptabel, sjølv om det gir noko dårlegare dokumentasjon i form av protokollar enn fleire møter.

Økonomi

Styret viser til rekneskap som føreligg som eige dokument.

Økonomien til gruppa har vore god gjennom 2022. Ein kombinasjon av god støtte frå lokale sponsorar og tilskot til utbetring av banedekket er hovudårsaka til dette. Særlege postar frå tilskot gjer at gruppa går med eit stort overskot som gjer det mogleg å satse på utøvarane og/eller anleggsprosjekt i åra som kjem.

I åra som kjem vil ein nok måtte skaffa meir inntekter gjennom eigne arrangement om ein skal vidareutvikla aktiviteten i gruppa.

Prisar

Årets utøvar vart Trygve F Mjelde etter ein sær sars god sesong med blant anna tre klubbrekordar (1 engelsk mil, 5000m og halvmaraton).

Stimulansepremiar vart tildelt Daniel Bruvik og Eirik Reigstad etter ivrig trening

og konkurransedeltaking på begge, som resulterte i flott framgang i fleire øvingar.

Årsfest

Vart arrangert 26.november med brukbar oppslutning. Utmerkingar for sesongen blei delt ut til velfortente vinnarar.

Trenarar i 2022 (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Karl Johan Reigstad (trenar 2, sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Marianne Feidje Mjelde

Paul Bruvik

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løvteit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD), Per Ole Mostrøm (KD)

Ein del av desse er ikkje med i idrettslaget lenger, men er i «reservetroppen».

Å få noverande aktive, i både ung og vaksen alder, til å ta dommarkurs er nødvendig om gruppa skal ta på seg større arrangement i framtida.

Medlemsstal for 2022

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	0	6	3	20	29

Menn	0	1	14	6	56	77
Totalt 2022	0	1	28	12	78	106
Totalt 2021	0	0	23	11	74	108
Totalt 2020	0	5	28	9	73	115
Totalt, 2019	0	15	35	8	75	133
Totalt, 2018	0	40	50	11	75	180
Totalt, 2017	0	50	40	12	80	182

Medlemsutvikling

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinner	?	?	113	108	102	85	76	75	51	40		36
Menn	?	?	126	116	121	119	106	105	82	75		83
Totalt	262	270	239	224	223	204	182	180	133	115	108	119

* For 2022 er det oppgitte talet (106) betalende medlemmer. I medlemsregisteret står det totalt 119 personer.

Osterøy Stadion

Grasmatta på Osterøy Stadion har i 2022 hatt ein god sesong med pleie av gras og vassdyser. Dette er eit samarbeid mellom fotball og friidrett. Sjølvgåande grasklippar kom på plass frå våren 2022 (gåve frå LOBAS til ein verdi av 250 000 kr). Dette har letta arbeidet slik at ein slepp å køyra vekk gras. Det må likevel kantklippast langs løpebana og i slegge og kuleområdet med plenklippar (om lag 8 gonger pr. sesong).

Sportsleg aktivitet og statistikk i 2022-sesongen

Nye klubbrekordar

2,34,12	Jonas	Lillejord	1998	maraton	Oslo maraton	220916
2,35,33	Jonas	Lillejord	1998	maraton	Bergen CM	220429
4,09,57	Trygve F	Mjelde	1994	1 eng mile	Arna idr.park	220801
14,07,59	Trygve F	Mjelde	1994	5000m	Tønsberg	220521
1,06,35	Trygve F	Mjelde	1994	halm	Cardiff	221002

1000-poeng på Tyrvingtabellen

8,31,22	Dagfinn	Gjerstad	2006	3000m	Gøteborg/Nya	220619	1110
1,55,65	Vegard Høylo	Trefall	2006	800m	Leikvang	220910	1078
1,23,51	Vegard Høylo	Trefall	2006	600m	Osterøy st	220714	1064
50,97	Vegard Høylo	Trefall	2006	400m	Bærum	220826	1061
4,05,89	Dagfinn	Gjerstad	2006	1500m	Fana st	220528	1042
1,58,52	Dagfinn	Gjerstad	2006	800m	Gøteborg/Nya	220617	1026
6,98	Magnus	Reigstad	2003	lengde	Arna idr.park	220801	1006

Største poengscorarar i serien

MS 3213p Magnus Reigstad 5 resultat
 KS 1779p Mirjam Mjelde 4resultat
 MV 3809p Arne Mjelde 6 resultat
 KV 3432p Mirjam Mjelde 6 resultat
 Gutar 9580p Eirik Reigstad 12 resultat
 Jenter 3028p Lilly Aasheim Solstad 5 resultat

Medaljar i nasjonale mesterskap

sølv	17,57	Arne	Mjelde	1942	100m	Tromsø	220819mv80-84	NM veteran
sølv	35,71	Arne	Mjelde	1942	200m	Tromsø	220820mv80-84	NM veteran
sølv	3,27,77	Arne	Mjelde	1942	800m	Tromsø	220820mv80-84	NM veteran
gull	1,24,47	Arne	Mjelde	1942	400m	Tromsø	220821mv80-84	NM veteran
gull	22,62	Kristoffer	Reigstad	1980	s17,26	Kristiansand	220325mv40-44	nm vinterkast
sølv	6,73	Magnus	Reigstad	2002	lengde	Trondheim st	220812g18/19	UM
sølv	6,87	Magnus	Reigstad	2002	lengde	Bærum	220816u-20	NM junior
bronse	1,56,84	Vegard H	Trefall	2006	800m	Trondheim st	220813g-16	UM
bronse	12,34	Dagfinn	Gjerstad	2006	4km	Bergen	221009g-16	NM terreng lang løype

Arrangement

Dei 2 banestevna i Haus har god deltaking i dei yngste klassane med totalt 136 resultat. Dei fleste som deltek har ikkje aktivt medlemskap i Osterøy IL.

På Osterøy Stadion er det arrangert 3 HTB kaststevne med 91 resultat og 5 HTB karusellstevne med 174 resultat og 1 lengdestevne.

Eigne idrettsarrangement i kalenderåret. Sum deltaking/resultat i parantes.

		2023 plan	2022	2021	2020	2019	2018
Terrenngløp			0	0	0	0	0
Testløp			0	0	0	0	0
Brakvatnet barneløp	Brakvatnet	1	1 (17)	1 (10)	1 (20)	1 (17)	1 (12)
Brakvatnet Halvmaraton	Brakvatnet	1	1 (6)	1 (12)	1 (24)	1 (43)	1 (21)
Brakvatnet Halvmaraton stafett lag	Brakvatnet	1	1 (14/112)	1 (20/160)	1 (25/200)	1 (15/120)	1 (10/80)
Sumarkarusell ny frå 2020	Brakvatnet	0	0	4 (13)	4 (133)		
Vinterkarusell	Brakvatnet	5	4(34)	5 (38)	5 (77)	4 (55)	4 (18)
Valestrandsmarka jul og nyttår	Furubakken	2	2(25)	0	2 (25)	2 (55)	2 (54)
Valestrandsmarka	Furubakken	9	9(165)	9(231)	9 (181)	9 (338)	11 (324)
Haustrimmen	Haus idrettsplass	0	0	6(34)	6 (33)	6 (59)	9 (64)
Serie	Haus idrettsplass	2	2(136)	2(162)	1 (64)	2 (50)	2 (83)

Hopp u.t.	Haus skule	1	1(7)	1(20)	0	1 (24)	1 (20)
Stemmeseggi Opp	Mjeldalen	0	0	0	0	1 (50)	1 (37)
Karusell kaststevne	Osterøy Stadion	2	3(91)	3(85)	1 (13)		1 (7)
Karusell vanleg	Osterøy Stadion	3	5(174)	5(183)	1 (42)	4 (261)	4 (231)
Osterøy3ar (3000m, barneløp og andre øv)	Osterøy Stadion	2	2(82)	2(135)	1 (111)	2 (175)	0
Rekrutt	Osterøy Stadion	0					1 (18)
Spydstevne	Osterøy Stadion	0					1 (8)
Lengdestevne	Osterøy Stadion	0	1(6)				
Tinestafett lag	Osterøy Stadion	0			0	1 (41)	
Ungdomsleker (2 dager)	Osterøy Stadion	0					1 (708)
Hopp u.t.	Osterøyhallen	2	2(41)	1(17)	1 (32)	2 (38)	2 108)
Hopp u.t.	Valestrand skule	0	0	0	0	0	1 (31)
Bjarte Viks Eliteløp	Vik	0	0	0	0	1 (64)	1 (60)
SUM	Alle	31	34(896)	41(1100)	34(955)	38(1390)	45(1884)

Sportsleg aktivitet i 2022-sesongen

Rekruttar

Friidrettsgruppa har heller ikkje i år hatt noko treningstilbod for dei aller yngste. Å få på plass trenarar til denne aldersgruppa, bør ha høg prioritert i 2023. Friidrettsgruppa hadde ikkje reine rekrutteringsstevne i 2022, men tradisjonen tru vart det halde to stevne i Haus med bra deltaking av lokale born med totalt 136 resultat, så her er det eit potensiale for aktivitet. Dei fleste av deltakarane er ikkje medlemmer av Osterøy IL. Det kan nemnast at Lilly Aasheim Solstad var beste poengsankar for jenter i serien gjennom sine resultat på stevna i Haus.

Gutar og jenter 10-14 år

Denne aldersgruppa har hatt treningar måndagar og onsdagar på Hatland med Helga Reigstad og Mats-Eirik Elvik som trenarar. I vintersesongen trenar dei i Leikvanghallen onsdagar. Ein gjeng med gutar i 8-klasse utgjer ei fast stamme i treningsgruppa. Gutane har vist fin framgang og er blitt meir motiverte for å delta på stevne også utanfor Osterøy, noko me såg under Pingvinleikane i Leikvanghallen i vinter. Sander Hopsdal Solberg vart teken ut og representerte Hordaland under Lerøy-leikane i september. Sander konkurrerte i høgdehopp.

Gutar og jenter 15-19 år

Eit av årets sportslege og sosiale høgdepunkt var deltakinga i Verldungdomsspelen i Gøteborg, der Osterøy deltok med seks utøvarar i denne aldersgruppa. Under UM i Trondheim stilte Osterøy med Magnus Reigstad, Torstein Leiren Mastervik, Vegard Høylo Trefall, Dagfinn Gjerstad og Eirik Reigstad, I junior-NM i Bærum var Magnus og Vegard med.

Magnus Reigstad (19) er den eldste og mest erfarne i denne aldersgruppa. Han strevde litt i starten av sesongen og med 6.98 som besteresultat i spesialøvinga lengde kom han ikkje heilt opp på same nivå som året før. Men Magnus gjer det alltid godt i meisterskap, og her vart det sølv både i UM i Trondheim og Junior-NM i Bærum. Under Hovud-NM i Stjørdal vart han nr. 8. Litt skadetrøbbel gjorde at det vart færre sprintløp på Magnus i 2022, men han vart likevel lagets største poengsankar for senior. Sidan hausten 2022 har Magnus og trenar Arne hatt eit spennande trenings samarbeid med Frank Brissach i Trondheim, som m.a. trenar Ingar Kiplesund. Magnus reiser ein gong i månaden på samling i Trondheim, og Arne har dagleg kontakt med Frank.

To av våre aller beste i denne aldersgruppa er fødd same dag; 4. oktober 2006. Både Vegard Høylo Trefall og Dagfinn Gjerstad heldt fram den gode utviklinga og sette fine personlege rekordar i 2022. Vegard forbetra seg jamt og trutt gjennom året og på spesialøvingane enda han opp med 50,97 på 400m og 1.55,65 på 800m – over 1000 poeng på begge øvingar. Under UM i Trondheim fekk han bronseplass i den sterke 16-årsklassen. Dagfinn kom i storslag til Verldungdomsspelen i Gøteborg og på avslutningsdagen sprang han 3000m på 8.31,22, noko som gjev 1110 poeng. Med det klarte han kravet til Hovud-NM og var berre eit par sekund bak kravet til U18-EM i Jerusalem. Dagfinn fekk også

over 1000 poeng på 800m og 1500m. Hausten vart prega av litt skadar og langvarig sjukdom, men han fekk med seg bronse frå terreng-NM lang løype i Bergen.

Den lovande langdistanseløparen Noah Raknes (17) viste solid grunnform gjennom vinteren, men vart sett tilbake av sjukdom i sesongen og reiste eit skuleår som utvekslingselev til USA frå hausten av. Her han fått trent godt og sprunge fleire sterke terrengløp. Torstein Leiren Mastervik var ikkje like aktiv i 2022 som året før, men er viktig for miljøet og viser god framgang no før 2023-sesongen.

Den mest allsidige og konkurransevillige av alle i friidrettsgruppa er Eirik Reigstad (15). Han deltok og persa på 16 øvingar i 2022, og er slik eit forbilde for alle våre utøvarar. Eirik kvalifiserte seg til UM der han deltok i 300m hekk, høgde og lengde. Han var eit naturleg val til årets Stimulansepris.

Nora Bergan var det store nye stjerneskotet på jentesida i 2021-sesongen. Dessverre fekk ho ein skade etter NM terrengløp seinhaustes det året og fekk ikkje konkurrert før litt på slutten av 2022. Nora viste imponerende uthald og iver i treningsarbeidet med mykje alternativ trening. Gjennom to solide stafettappar på Brakvatnet Halvmaraton fekk ho vist potensialet, og no kryssar me fingrane for sesongen 2023. Ho er no i sitt andre år på juniorlandslaget.

Ein kan også ta med at juniorlaget for menn vart suveren vinnar både av Fristafetten og Askstafetten.

Trenarar for denne aldersgruppa er Arne Reigstad, Bjarte Lohne og Bjarte Vik.

Junior U23 og senior

Herrelaget klatrar vidare i divisjonssystemet og vart nr. 4 i 2. divisjon, bak Fana, Vidar og Ranheim. Med det rykkjer laget no opp til 1. divisjon, som er landets øvste nivå med dei 14 beste klubbane. Damelaget mangla både topp og breidde i 2022 og vart nr. 98 i 3. divisjon. Største poengsankarar vart Magnus Reigstad og Mirjam Mjelde.

For andre år på rad vart Trygve Feidje Mjelde (f. 1994) årets utøvar. Han sette lagsrekordar på engelsk mile (4,09,57), 5000m (14,07,59) og halvmaraton (1.06,35). Trygve har no sju individuelle lagsrekordar og er med på fire stafettrekordar! Tidene på 10 km-gateløp tyder på at 10 000m-rekorden også kan vera innafor rekkevidde. Dessverre vart han sjuk og kunne ikkje delta i Hovud-NM, men Trygve fekk gleda av å vinna 10 km under Oslo Maraton i september på tida 30.30.

Markus Loftås (f. 1994) hadde ein svært god sesong i 2021, men

meniskoperasjonen i september det året var ikkje vellukka – og Markus kom ikkje tilbake på friidrettsbana i 2022. No har han hatt ein ny operasjon, og resultatet virkar meir lovande.

Den treningsvillige fysioterapeutstudenten Jonas Lillejord (f. 1998) hadde ein sterk sesong der han to gonger pynta på lagsrekorden vår på maraton. Bestetida kom i Oslo med 2.34,12. På halve distansen oppnådde han 1.09,56 i Berlin. Han sprang berre eitt baneløp – 10 000m på Hatland med tida 32.17,06.

Av andre seniorar kan ein nemna at Joe Aphisit Tepnuan (f. 2000) har tilført nytt blod til sprintgruppa, med 11,73 på 100m som beste resultat. Joe har i tillegg spenstige eigenskapar få kan visa til, og med 3.06m i LUT i 2022 er han langt oppe på alle tiders statistikken. Kjetil Stokke (f. 1991) er framleis vår beste kastar på herresida og kom seg over 50 meter i spyd også i 2022. Allsidige Marianne Feidje Mjelde (f. 2001) måtte ta ein mellomsesong, men sikra gode seriepoeng i kule og diskos. Ein kan også nemna treningsvillige Daniel Bruvik på lange løp, som fekk stimulanseprisen for senior.

Utanom Marianne hadde ikkje laget kvinnelege utøvarar i denne aldersgruppa i 2022, men vann likevel seniorklassen i Askstafetten med ei god blanding av juniorar og veteranar.

Ved inngangen til 2023-sesongen har Osterøy IL tre utøvarar som pr. no er kvalifisert til Hovud-NM gjennom fjorårsresultata. Dette er Trygve Feidje Mjelde, Magnus Reigstad og Dagfinn Gjerstad. Det er god grunn til å håpa på at fleire kvalifiserer seg i løpet av året.

Veteranar

I veteranserien plasserte kvinnene seg som nr. 8 i 1. divisjon, og rykte dermed ned. Menn veteran vart nr. 11 i 1. divisjon på om lag same poengsum som året før. Arne Mjelde og Mirjam Mjelde, far og dotter, vart største poengskårarar i serien. Mirjam var tett opp mot løpspersane sine frå den sterke 2021-sesongen.

Under NM for veteranar i Tromsø deltok Arne Mjelde, som var nyopprykkka til klassen 80-84 år. Etter tre sølv på 100m, 200m og 800m, tok Arne gull siste konkurransedag på 400m med tida 1.24,47.

Det er spesielt lange løp som fengjer dei fleste veteranane våre. Team Batti har eit tilbod og miljø som mange trivst med, og det er relativt mange som legg ned mykje trening. Desse deltek hovudsakleg på gateløp og lokale banestevne. Det beste enkeltresultatet var Øyvind Bjordal som med 2.39,58 på maraton var nr. 2 i landet i klasse 50-54 år.

Osterøy har tradisjonelt stilt sterke veteranlag i stafettar. I 2022 vart Osterøy nr. 2 i veteran og superveteran i Fristafetten og nr. 2 i Askstafetten i veteranklassen.

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa har dei siste åra vore ordna økonomi, leggja til rette for aktivitet tilpassa den enkelte sine egne ambisjonar og aktivt bidra til folkehelse gjennom arrangement retta mot mosjonistar. Styret meiner ein har lukkast med delar av målsetjingane, men det ligg eit stort potensiale i å få til auka aktivitet på alle nivå og for alle alderstrinn dersom fleire engasjerer seg i aktivitetane til gruppa.

Styret i Osterøy IL, friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle andre som har stilt opp for gruppa i 2022

Årsmelding for 2022 – Osterøy IL Handball

Styret i handballgruppa 2022

Leiar	Elin Kleppe Fossbakken	1 år
Nestleiar	Thor- Eivind Mjelde	1 år
Skrivar		1 år
Styremedlem	Mette Valle	2 år
Kasserar	Helene Fosse	1 år
Styremedlem	Ove Wågsberg Olsen	1 år
Styremedlem	Sigrun Vik	1 år
Styremedlem	Elisabeth Bidne Sandal	2 år
Ungdomsmedlem	Maria Krossøy	1 år
Ungdomsmedlem	Sunniva Storebø	1 år
Valnemnd		
Valnemnd		

Styrets/gruppas arbeid

Handballgruppa har for første gang sidan sesongen 2019/20 hatt ein sesong med normal kampaktivitet utan restriksjonar. Det har vort nokre store kamparrangement i Osterøyhallen med miniturnering og kortbanehåndball. Den tradisjonelle og viktige Hafo-turneringa vart ikkje avholdt i 2022 grunna coronarestriksjonar. Vi arrangerte i staden for ein vellykka barnehandballdag i slutten av august. Her kom det over 30 barn som var med junior/damelaget vårt og spelte håndball ein heil dag. Dette ønskjer vi å gjere til ein tradisjon.

Vi har denne sesongen signert ein treårskontrakt med Select og Mx sport. Vi har og teikna nye kontraktar med våre trufaste sponsorar og fått nye drakter.

Styremøte

Det har vore gjennomført 3 ordinære styremøte og fleire nemdmøter.

Lag og trenarar

Gruppa stiller i sesongen i 2022-23 med desse laga og trenarar / hjelpetrenarar.

Klasse	Ant. Lag	Ant.spel.	Trenar
Barneparti	3	12	Linnea Edvarsdal, Ronja Tysse Låstad, Sunniva Storebø.
Jenter 10	1	15	Veronica Lohne Bjerk, Sandra Lohne Tvedterås, Amelia Gjerstad Skjerping
Junior	1	12	Veronica Lohne Bjerk, Vilde Vevle Lone
Damer	1	12	Elin Kleppe Fossbakken

Samarbeid med Bjørnar

Vi har ikkje hatt noko samarbeidslag dette året.

Deltaking i cupar

I år har vi ikkje hatt noko cupdeltaking utanom ordinære kampdagar for barnelaga våre.

Osterøyhallen – kampavvikling

Vi har hatt fleire arrangement med fleire lag i aksjon. Vi har då hatt kiosk open, med mykje mat føresette på dei ulike laga har tatt med. Vi har hatt ein del arrangement med kun ein kamp. Kampavviklinga har gått fint, men vi ser at det er utfordrande å få variasjon i føresette som stiller opp på dugnad. Vi har hatt nokre trufaste ildsjelar som har stilt opp på enkeltkampar i sekretariat og billetter. Den årlege HaFo turneringa er ikkje blitt avholdt i 2022 grunna pandemien. Dette er uheldig økonomisk, men og mtp rekruttering.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Aktiviteten i gruppa har etter to negative år, endeleg gått i riktig retning. Treninga for den minste gruppa som er frå 6-9 år er fortsatt oppe å går og vi har påmeldt 3 lag i denne klassen. Vi har og fått eit lag i J 10 klassen med mange spelarar. Dei yngste laga er en viktig arena for rekruttering. Det er viktig at vi fortsett og ha gode opplegg for dei ulike laga for å halde på spelarane over tid.

Dommere

Vi har i år hatt ein dommar påmeldt i serien. I tillegg har vi hatt klubbdommere til å dekke miniturneringane og kortbaneturneringane i Osterøyhallen. Klubbdommarane har fått noko dommaraktivitet i år og er ein viktig ressurs for klubben.

Medlemstal

Medlemstala for 2022 viser 65 aktive og passive medlem.

Medlemsutvikling for perioden 2013-2021

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinner	106	113	94		94	95	95	82	52
Menn	30	30	35		11	8	8	23	13
Totalt	136	143	129	131	105	103	103	105	65

Økonomi

Økonomisk sett har handballgruppa hatt eit godt år med eit solid overskot. Dette store overskotet kan vi takke trufaste sponsorar for. I tillegg får vi god støtte frå NIF grunna mange unge spelarar. Vi har og søkt støtte frå ildsjelfondet til å arrangere barnehandballdagen.

Treningsavgift

For fire år sidan auka vi treningsavgifta til 950 kr for barn og 1150 kr for vaksne. Dette var nødvendig for å få likviditeten i gruppa opp.

Resultatrekneskap med balanse

Sjå eige vedlegg til årsmeldinga.

Lonevåg, 05. mars 2023

Elin Kleppe Fosbakken

Leiar Osterøy handball

Årsmelding Turngruppa Osterøy IL 2022

Årsmøte:

Turngruppa har ikkje hatt årsmøte for 2022.

Styre:

Leiar: Baste N. Hatland

Sekretær: Lovise Mari A. Hopsdal

Kasserar: Lovise Mari A. Hopsdal

Styremedlem: Maria S. Vevele

Samandrag styremøte:

Det har vore lite planlagt møteaktivitet i styret i 2022. Styret har hatt godt samarbeid utan å ha behov for planlagte møter.

Trenarar og treningstid:

Våren 2022:

Turngruppa hadde 3 parti med alderstrinn 5-6år, 7-9år og 10år+.

Gymleik 5-6år, Onsdag kl. 17.00-17.45:

Hovudtrenar: Kristine Telle Hamre

Hjelpetrenar: Amanda R. Teigland, Tonje F. Fjellby, Linnea S. Vevele, Tinnea B. Bruvik og Camilla L. Skår.

Turn 7-9år, Onsdag kl.17.30-18.30:

Hovudtrenar: Merethe Antun og Lovise Mari A. Hopsdal

Hjelpetrenar: Alianah Mjelde og Isabell V. Lone

Turn 10år+, Onsdag 18.30-20.00:

Hovudtrenar: Baste N. Hatland

Hjelpetrenarar: Helene Tønnesen, Alianah Mjelde, Isabell V. Lone

Hausten 2022:

Turngruppa auka tilbodet sitt med 2 parti og har no 5 parti med alderstrinn 4-5år, 6-7år, 8-10år og 11år+ og 13år+.

Gymleik 4-5år (foreldre og barn), Onsdag kl: 16.15-17.00:

Hovudtrenar: Kristine Telle Hamre

Hjelpetrenarar: Tonje F. Fjellby, Linnea S. Vevle, Tinnea B. Bruvik og Camilla L. Skår.

Turn 6-7år, Onsdag kl. 17.00-17.45:

Hovudtrenarar: Alianah Mjelde og Isabell V.Lone

Hjelpetrenarar: Tonje F. Fjellby, Linnea S. Vevle, Tinnea B. Bruvik og Camilla L. Skår.

Turn 8-10år, Onsdag kl. 17.30-18.30:

Hovudtrenarar: Merethe Antun og Lovise Mari A. Hopsdal

Hjelpetrenarar: Alianah Mjelde og Isabell V. Lone

Turn 11år+, Onsdag kl. 18.00-20.00:

Hovudtrenar: Baste N. Hatland

Hjelpetrenarar: Helene Tønnesen, Alianah Mjelde og Isabell V. Lone

Turn 13år+, Fredag kl.15.30-17.00:

Hovudtrenar: Helene Tønnesen

Hjelpetrenarar: Alianah Mjelde og Isabell V. Lone

Aktivitetar 2022:

I 2022 hadde turngruppa kring 35 treningar for alle partia.

På grunn av stor pågang og begrensa treningstider og plass i Osterøyhallen, har me sett behov for å sette ei begrensing på størrelse på partia. Dette har ført med ventelister på dei fleste partia våre.

Hausten 2022 auka me tilbodet og opna opp for at barn 4år kan delta. Me starta då opp eit foreldre og barn parti. Dette viste seg å være eit godt tilbod og ei god måte å gjere barna trygge i aktiviteten i Osterøyhallen. Aldersinndelinga elles vart også endra på i dei andre partia. Me opplever no ei god aldersinndeling. Partiet 11år + har nokre ungdommar som ønska å ha fleire treningar i veka og difor oppretta me tilbodet for dei med fredagstreningar.

16/3-23 Lovise Mari Antun Hopsdal

Totalt gymnastar året 2022: 105stk. Totalt på venteliste: 22stk.

Våren 2022 reiste 15 gymnastar + 3 trenarar til Etne på Gymfest i Vest. Der deltok dei blant anna i konkurranse.

I løpet av våren gjekk me til innkjøp av litt nytt utstyr til turngruppa. Det vart kjøpt inn nytt satsbrett, balanse-bom, flikkflakk-trener, saltokasse, krypetunell, gymnastikkband, yogaball og aktivitetsterningar.

I August var turngruppa teknisk arrangør for trenarkursa; Gymlek og Medtrenerkurs i samarbeid med Vestland gym og turnforbund. Her deltok 7 stk av turngruppa sine trenarar. Reiseinstruktøren var imponert over Osterøyhallen og utstyret turngruppa hadde.

Om hausten tok turngruppa i bruk appen SPOND. Eit flott verktøy å bruke for å nå ut til alle med informasjon, samt halde oversikt over medlemmane våre.

I samarbeid med MX-SPORT Lonevåg fekk me også moglegheit til å tilby gymnastane moglegheit til å kjøpe treningsgensar med trykk; Osterøy IL – TURN. Over 75% av gymnastane har gått til innkjøp av dette.

Planlagte aktivitetar 2023:

1. Treningssamling første kvartal. For aldersgruppa 8år+ med innleigd instruktør frå Åsane Turn.
2. Vår oppvisning for familie og vener.
3. Delta på Gymfest i Vest på Sotra og Gymfest i Vest ungdom i Nordfjordeid.
4. Treningssamling siste kvartal. For aldersgruppa 8år+ med innleigd instruktør frå kretsen.
5. Kalendersal i desember.

Oppsummering:

Turngruppa har auka aktiviteten og medlemstala stort dei siste åra. Ei positiv og gøy utvikling. For å ha god kvalitet på treningane har me måtte sette maksgrense på partia våre. Dette har ført til ventelister på fleire parti. Det er lite ynskjeleg å ha det slik og me ser på løysingar med å kunne få til eit tilbod til alle. utfordringar med treningstid i Osterøyhallen samt trenarkapasitet gjer dette noko vanskeleg.

Det er også ynskjeleg å få rekruttert personar inn i styret for å avlaste personar med fleire verv. Dette er noko me vil jobbe med i 2023.

Me har starta med planlegging av vår oppvisning i 2023 og ynskjer å halde dette som ei årleg oppvisning. Det er også ynskjeleg å ha treningssamling to gonger pr. år.